



# Sibirsk lerk Treng ikkje koste meir

**Vi importerer sjølve materialar av Sibirsk lerk fra fabrikk i Estland. Dette er kvalitetsmaterialer fra den russiske taigaen i Sibir.**

## Kjøp

Selgar og kontraktspart er Øvstegård Bygg og Utemiljø AS. Vi vil bistå i alle delar av prosessen.

## Lager og transport

Vi vil ha eit begrensa lager av dei mest brukte materiala i Ørsta. For større leveransar, og bestillingar av dimensjonar og profiler utanom standard, vil noko leveringstid måtte påreknast. Dette informerast om særskilt.

For leveringar på Sunnmøre og i Norfjord, vil leveransen gå via lager i Ørsta. Vi står då for utkjøring på egne kranbilar, eller sørger for annan transport til byggeplass.

For leveringar utanom dette området vil vi tilby ulike løysingar. For større leveringar kan også direkte transport fra fabrikk vurderast.

## Bygging

For Sunnmøre og Nordfjord kan vi også gi eit samla tilbod på ferdig montert eller ferdig bygd. Våre egne erfarne handverkarar tek seg av transport, kraning, montering/bygging og generell ferdigstilling.

Vi kan også inkludere grunn, betong/mur og anna bygningsarbeid i eit samla tilbod.

## Kvifor treng den ikkje koste meir ?

! Direkte import og utan fordyrande mellomledd.

● Transport og montering med egne utstyr og egne tilsette.

Ein kan bestille materialet med forskjellige størrelser og profiler.

I tillegg kan vi skaffe lerk for taktekking, søyler og for den del grillhytter og lafta hytter.

**Her finn du [prislister](#) og [ordreskjema](#)!**

## Nokre eksempel på profiler:

Profil	Bruksområde	Størrelse	Kr/m <sup>2</sup>
	terrassebord	28 x 95 / 120 / 145	345 kr
	bordkledning	21 x 90 / 120	315 kr
	bordkledning	21 x 90 / 120	315 kr
	bordkledning	21 x 90 / 120	315 kr
	bordkledning	21 x 90 / 120	315 kr
	bordkledning	19 x 145	315 kr
	takbord med not og fjer	21 x 120	315 kr

Alle prisar er inkl. mva og levert lager i Ørsta.

## Viktigste bruksområder

- Fasader på private hus og offentlege bygningar
- Terrassebord for terrasse og balkong konstruksjonar
- Takbord
- Rekkverk, leveggar og støyskjermar
- Brygger, bjelkelag og svill

## Meir om Sibirsk lerk

Den sibirske larka eller russisk lerk (*Larix sibirica*) er eit tre som veks i områder med hardført og kaldt klima. I Russland finn du det i området fra finskregiona til det sentrale Sibir.

Eit godt eksempel for haldbarheit er Venezia, som er bygd på pålar av sibirsk lerk.

Treda kan verte opptil 50 meter høge med ein diameter på 1 meter. På grunn av si tettheit og rikdom

av tjære og harpiks er sibirsk lerk eit svært haldbart materiale for utendørs bruk. Det krevst inga etterbehandling. Sibirsk lerk er eit sterkt og solid tømmer og toler hardt og fuktig vær godt.

På grunn av at sibirsk lerk veks sakte og inneheld harpiks som fordeler seg jamnt mellom fibrane i treverket, fungerer det som beskyttelse mot fukt og skadedyr. Det har fleire gangar betre fuktmotstand enn tradisjonelle materialer. Styrken og tettheita i larka vert betre etter kvart.

I Europa er lerk mykje brukt til terrasser og fasader. Det er spesielt eigna på områder som krev stor styrke og motstand mot vær og vind, og der bruk av kjemikalier er forbode.

Ein kan spesielt nemne leikeplassar og leikeapparat for born.

For å oppretthalde den opprinnelege fargen (UV-filter), kan naturlege oljer nyttast. Naturlige oljer vil ikkje redusere den økologiske verdien av treverket.